



Tyark As  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4799 - 22/68432

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.09.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 134/479 Hilland


**Tiltak:** Felt 7 del 2 Småhus/parkeringsplass  
**Byggjestad:** Gbnr: 134/479  
**Tiltakshavar:** Alversund Utvikling As  
**Ansvarleg søkjar:** Tyark As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve for oppføring av bustadbygg med 14 bueiningar den 13.06.2022. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:


1. Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense for etablering parkeringskjellar og støttemur mot nord.



----- Parkeringshus under bakken (1254)

2. Dersom mur eller andre tiltak skal plasserast nærmare kommunalt leidningsnett enn 4 meter må det søkjast om dispensasjon frå «Standard abonnementsvilkår for vann og

avløp – Administrative bestemmelser». Det er kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning som behandlar søknaden.



Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **30.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Alversund Utvikling As

Eidsvågbakken 1

5105

EIDSVÅG I ÅSANE

### Mottakarar:

Tyark As

Strandgaten 19

5013

BERGEN